

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2012-2013

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2012 – april 2013

Styret i arbeidsåret 2012/2013

Anders Timberlid (leiar)

Ulrike Spring

Kjerstin Risnes

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær.

Iris Helene Kopperud har vore skulekontakt

Tilstellingar og aktivitet

HIFO, avd. Sogn og Fjordane har i samarbeid med historieseksjonen ved Avdeling for samfunnsfag hatt følgjande samlingar i meldingsperioden, dessutan hadde vi eit fellesarrangement med Nordvestlandet:

27.04.2012: Per Jarle Sætre: Geografifaget 1885-1940

08.09.2012: Klosteret på Selja – i Norge og i verda. Samarbeid med HIFO-Nordvestlandet

02.11.2012: Forsmak på fylkessoga for Sogn og Fjordane.

Lansering av bygdebok for Flora av Gaute Losnegård

01.02.2013: Trond Erlien: Sosialt arbeid som historisk forskningsfelt

07.03.2013: Anders Timberlid: Folkeleg engasjement i Sogn og Fjordane i åra kring 1814

Den store saka i siste arbeidsår har vore førebuingane til Norske Historiedagar 2013 som går av stabelen 3.-5. mai. Det har vore eit tungt løft for eit lite lag. I denne samanhengen har vi måtte trekt inn hjelp frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum.

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt, og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen eller store og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmene har i meldingsperioden vore i gang med eller har avslutta større historiske arbeid.

Elles har Ulrike Spring hatt eit innlegg/ein kommentar om "Stemmerettsjubileet 2013" ved HIFOs styre- og lokallagsseminar den 19.10.2012 i Tromsø.

Laget hadde ein utsending til Hyllestad-seminaret i april 2012.

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget fekk eit driftstilskot på kr. 5000 frå sentralt hald for dette arbeidsåret.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 18 medlemmer.

Styrearbeid

Dei fleste i styret arbeider ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og har såleis dagleg kontakt om ulike saker. Forutan styremøte held vi kontakt via telefon og på e-post med dei andre i styret,

Sogndal, 15. april 2013

Anders Timberlid
Leiar